

Svein Sunde i Kviven AS på møte i Ørsta Rotaryklubb

– E39 vil kome over Raudøya

Det mest sannsynlege er at E39 går fra Furene via Raudøya og i bru fra Festøya. Dette kom fram på medlemsmøtet til Ørsta Rotaryklubb sist veke. Svein Sunde rosa politikarane i Ørsta kommune for valet om å leggje stamvegen utanfor sentrum, og hevda samstundes at Hafast neppe blir ein del av E39.

Det var eit svært dagsaktuelt og engasjerande tema som stod på dagsordenen i Ørsta Rotaryklubb sist veke. I samband med Samferdsledepartementet si tinging av konseptvalutgreiinga Skei – Moa, er det no fastslått at bruer på 3 – 4 km ikkje lenger er noko problem å byggje. Ein bruker same type flyteelement som i oljeindustrien, og bardunerer desse fast i sjøbotnen.

Brua som eventuelt skal erstatte Festøyferja vil vere 3,4 km lang. Det vil då også vere mogleg å kople til Sykkylven inn på dette faste sambandet mot Ålesund.

Når det gjeld bru frå Festøya, har det også sine ulemper. Slitasjen er vesentleg pga. saltet sin påverknad. Med ei seglingshøgd under bruha på 90 meter, vil det vere nokså

luftig å køyre over bruha når det er kraftig vind. På ferjesambandet Festøya – Solavågen er det tildelt ny kontrakt frå 01.01.2011 til 31.12.2018. Sunde meiner ein treng tida fram til då for å planleggje og eventuelt bygge bruha.

Viktig signal frå Ørsta

Strekninga frå Furene via Sørheim til Lianeset og Rjåneset er seks km kortare enn om vegen skal gå om Ørsta sentrum. Sunde peikte såleis på at det var eit viktig og modig vedtak som vart gjort av politikarane i Ørsta når det vart bestemt at stamvegen skal gå utanom Ørsta sentrum.

Neppe gjennom Eiksundsambandet

Standarden på E39 er sett til såkalla T9,5. Dette vil seie at kvart köyrefelt er på 3,25 m. Utanfor kvitestripa vil det vere eit felt på 1 m som kan nyttast til gang/sykkelveg. Dette betyr at dagens Eiksundsamband neppe blir den nye E39. Dispensasjon på vegbreidd blir sjeldan gjeve, og då må eit nytt løp byggjast før dette kan bli den nye E39.

Dersom Hafast skal byggjast som tunnel, må denne også byggjast med to separate tunnelløp dersom Hafast skal verte europaveg.

Svein Sunde frå Kviven AS heldt innlegg «Kvar skal E39 gå i framtida?» for Ørsta Rotaryklubb. President Thor Arne Sørheim var ein av medlemmene som blei engasjert i diskusjonen rundt framtida for E39.



Som fylkesveg 61 vil Hafast kunne byggjast med berre eitt løp.

Djupe, undersjøiske tunnelar kjem dårleg ut; både på kostnader for næringslivet, men også når det gjeld vedlikehaldskostnader, påstod Sunde overfor rotarymedlemmene. Løysinga ligg nok såleis i større bruk av bruker når djupe fjordar skal kryssast i framtida.

Fare for sjukehuset i Volda?

Medlemmene i Rotary stilte spørsmål om det ikkje også var ulemper med ferjefritt Festøya – Solavågen? Og det meiner Sunde det kan vere. Sjukehuset i Volda kan bli trua på grunn av kortare reiseavstand til sjukehuset i Ålesund. Med dei gode kommunikasjonane som Volda har fått gjennom Eiksundsambandet

og Kvivsvegen, kan det vere naturleg å sjå seg sørover for å styrke sjukehuset i Volda.

NTP 2014 – 2023

Framdriftsplanen for konseptvalutgreiinga er at Statens vegvesen skal kome med si tilråding overfor Samferdselsdepartementet til våren. Deretter skal den gjennom ei uavhengig kvalitetssikring (KS1) før regjeringa truleg legg fram si innstilling for behandling i Stortinget i 2013, slik at denne kan bli ein del av nasjonal transportplan 2014–2023. Målet er å finne ferjefri E39, men svaret på spørsmålet om kvar E39 skal gå er enno uvisst. Det er mange uløyste stridsspørsmål, også utover strekninga Furene – Moa.

GH